

Likevel buss-skur for Halsabrotet?

14.05.2014

Statens vegvesen signaliserer at det kanskje vil bli ei løysing for planen om buss-skur for Halsabrotet. Det er sett igang ein prosess med arkitekttevling der Turistvegprosjektet er koplainn. Saka er ikkje avgjort, men signala frå eit drøftingsmøtekan kanskje danne grunnlag for plassbygde venteskur. Vegvesenet varslar ei synfaring - truleg i slutten av mai eller begynnelsen av juni.

I 2009 vart det drøfta om byggjing eit venteskur men det var då utelukka. No er saka døfta med HFK som skal finansiera tiltaket og SKYSS som eransvarleg for kolektivtransporten i fylket.

Imidlertid nådde ikkje Halsabrotet opp ved dei økonomiske rammetildelingar for dette året. Skyss meiner også at plassen er for liten for eit standardskur, men dette kan kanskje oppsitjarane løyse som dugnadsarbeid, antyder vegvesenet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen